

Budsjett 2020

Kirurgisk Klinikk
Helse Førde HF

1 Samandrag

Kirurgisk klinikk legg til grunn ei netto budsjетtramme på 416 425 000 kroner for 2020.

Budsjettekniske føresetnader

Inntekter og kostnader er justert for å ta omsyn til prisauken i 2020. Innsatsstyrt finansiering (ISF) er auka med bakgrunn i endring DRG-pris, som er 44 654 kroner i 2019 og 45 808 i 2020.

Generelle prisendringar er summert i følgande tabell, utanom pensjon:

Kirurgisk Klinikk	
Prisendring Inntekter	- 8 855
Prisendring Kostnader	22 628
Sum prisendringar	13 773

Driftsøkonomi

Tabellen nedanfor syner endringa i ramma frå budsjett 2019 til budsjett 2020:

Budsjетtramme 2020 Kirurgisk klinikk	
Budsjett 2019	398 915
Overgrepsmottak SYS IKL	250
AAM, Operasjon utdanningsstilling	480
AAM, Intensiv utdanningsstilling	720
AAM, LSH utdanningsstilling	240
Medisinsk avstandsoppfølging, tilretteleggingskostnader og tap av eigenandel	400
H-resept	2 000
Sum prisendringar	13 801
Pensjon	4 854
Overføring av sekretærstillingar til medisinsk klinikk i Lærdal	-802
Omdisponering av budsjettmidlar til medisinsk klinikk	-550
Innsparingskrav	-3 884
Sum	416 425

I prioritering av tildelte midlar har det vore viktig å tilpasse drifta til ny medisinsk utvikling og krav til meir effektiv drift. Samtidig har klinikken lagt til rette for heilt naudsynt bygging av kompetanse og rekruttering for framtida.

Tiltak som nemnast spesielt:

- Aktivitetsstyrt bemanning og bruk av beredskapssjukepleiarar i sengepostar
- Betre utnytting av kapasitet på sentraloperasjon FSS og dagkirurgi ved NSH
- Prosjekt i forbetningsmetodikk
- Oppgåveglidning
- Utdanning og spesialisering innan ortopedi og kirurgi
- Utdanning av spesialsjukepleiarar innan operasjon og intensiv

Det er høg risiko knytt til ein del av tiltaka. Arbeid for å redusere denne risikoen og kompensierende tiltak blir difor viktig gjennom budsjettåret.

2 Status i Kirurgisk Klinik

Kirurgisk klinikk består av Kirurgisk avdeling, Ortopedisk avdeling, Kvinneklinikken, Øyre-Nase-Hals-Kjeve avdeling, Augeavdelinga, Kirurgisk serviceseksjon og Avdeling for akuttmedisin (AAM). Dagkirurgisk senter blir i 2020 flytta inn som ein seksjon i AAM.

Fleire tilhøve medfører behov for endringar i Kirurgisk klinikk:

Medisinsk utvikling:

Den medisinske utviklinga påverkar avdelingane i varierende grad. Bättre behandlingsmetodar gjer at inngrep som før kravde innlegging i ei sjukehusavdeling, no vert utført som dagbehandling. Der ein dei siste åra har gjeve tilbod om dagkirurgi, kan ein no oftare behandle poliklinisk. Når det er behov for innlegging, treng pasientane gjerne kortare opphald enn tidlegare.

Samstundes treng fleire av pasientane som blir innlagt ein høgare pleieinnsats. Dette grunna meir samansett sjukdomsbilete og høgare alder.

For fleire tilstandar er behandlingstilrådingane også i endring. Ein er no meir restriktiv med å tilrå operasjon for fleire tilstandar enn kva ein var for nokre år sidan. Dette har vore streka under i oppdragsdokumentet.

Hovudtendens i kirurgisk klinikk i 2019

- Færre døgnopphald i sengepostar, særlig innan kirurgi.
- Innlagte pasientar meir er ressurskrevjande grunna sjukdomsbilete og alder.
- I siste del av 2019 har ein fått eit auka press på operasjonsavdelinga. Rekruttering av nye operatørar skal avhjelpe dette.
- Auka aktivitet i poliklinikkane.

Trendane vil truleg fortsetje framover. Den medisinske utviklinga er tett knytt til teknologiske nyvinningar. Difor har vi eit aukande behov for medisinsk-teknisk utstyr.

Rekruttering:

Nokre avdelingar har ein utfordrande rekrutteringssituasjon for spesialistar, dette gjeld særlig kirurgisk avdeling. AAM har utfordringar i høve rekruttering av spesialsjukepleiarar, og nyttar stipend for å stimulere til utdanning av intensiv- og operasjonssjukepleiarar.

3 Økonomi

Føresetnader for budsjett 2020 er hovudsakeleg ei vidareføring av aktivitet i 2019 med ein reduksjon i ramma på 1,1 millionar kroner. 0,8 millionar av reduksjonen i ramme skuldast ei overføring av sekretærar i Lærdal til medisinsk klinikk. Dei nye rammene er fordelt i høve tabellen under:

Kirurgisk Klinik	Rekneskap	Budsjett	Prognose	Budsjett	Endring
	2018	2019	2019	2020	B20-B19
Administrasjon	6 283	1 976	6 971	1 315	-662
Serviceseksjonen	14 906	14 163	15 278	14 297	134
Avdeling for Akuttmedisin	356 833	358 686	360 510	364 097	5 411
Augeavdeling	6 298	6 545	5 767	5 565	-980
Dagkirurgisk Senter	4 300	4 692	3 581	4 492	-200
Kirurgisk Avdeling	-5 920	-10 515	-1 807	-11 020	-505
Kvinneklubben	33 047	26 368	25 770	22 962	-3 406
Ortopedisk Avdeling	10 496	2 640	8 535	1 935	-705
ØNH-Kjeve	-5 039	-5 641	-4 998	-5 846	-205
Total	421 205	398 915	419 606	397 798	-1 117

Kommentar: Budsjettet 2020 er før prisjustering.

For å nå budsjettet for 2020 må Kirurgisk klinik bette resultatet med 21,8 millionar kroner samanlikna med prognosen for 2019.

Klinikken har hatt fokus på gjennomføring av tiltak med effekt allereie i 2019. Fordeling av rammer er gjennomført i dialog med alle avdelingsleiarar, med eit grundig arbeid heilt ned på lågaste einingsnivå.

Budsjettet for Kirurgisk Klinik i 2020 etter prisjusteringar og endringar i ramme blir som følgjande:

KIRURGISK KLINIKK	Rekneskap	Budsjett	Prognose	Budsjett	Endring	Prosent
	2018	2019	2019	2020	B20-B19	B20-B19
Basisramme	-12 666	-13 033	-13 033	-13 033	0	0,0 %
ISF egne pasienter	-263 531	-281 274	-265 770	-291 353	-10 079	3,6 %
Gjestepasientinntekter	-11 727	-13 098	-13 725	-12 263	835	-6,4 %
Polikliniske inntekter	-4 247	-4 505	-4 197	-5 329	-824	18,3 %
Utskrivingsklare pasienter	-864	-460	-251	-308	152	-33,1 %
Øremerk. tilskudd Raskere Tilbake	-	-	-	-	-	-
Andre øremerkede tilskudd	-2 005	-448	-49	-	448	-100,0 %
Andre driftsinntekter	-32 530	-33 201	-36 936	-36 352	-3 151	9,5 %
Driftsinntekter	-327 569	-346 018	-333 961	-358 638	-12 620	3,6 %
Kjøp av offentlege helsetenester	8 311	9 439	6 893	9 979	540	5,7 %
Kjøp av private helsetenester	12 973	13 343	13 369	12 638	-705	-5,3 %
Varekost	54 105	53 176	53 809	53 822	646	1,2 %
Innleid arbeidskraft	3 342	2 722	2 248	907	-1 816	-66,7 %
Lønn til fast ansatte	454 049	459 589	463 856	494 741	35 152	7,6 %
Overtid og ekstrahjelp	52 879	49 408	58 069	42 115	-7 293	-14,8 %
Pensjonskostnad inkl arb.gjevaravg.	84 645	73 983	73 983	78 838	4 854	6,6 %
Off. tils. og ref. vedr. arb.kraft	-21 974	-14 147	-20 825	-21 206	-7 058	49,9 %
Annen lønn	69 396	69 473	71 925	73 546	4 072	5,9 %
Andre driftskostnader	31 045	27 946	30 240	29 683	1 737	6,2 %
Driftskostnader	748 774	744 933	753 567	775 063	30 130	4,0 %
Resultat	421 205	398 915	419 606	416 425	17 510	4,4 %

Ramme pr. avdeling:

Kirurgisk Klinik	Rekneskap	Budsjett	Prognose	Budsjett	Endring
	2018	2019	2019	2020	B20-B19
Administrasjon	6 283	1 976	6 971	1 313	-663
Serviceseksjonen	14 906	14 163	15 278	14 539	376
Avdeling for Akuttmedisin	356 833	358 686	360 510	378 461	19 775
Augeavdeling	6 298	6 545	5 767	5 836	-709
Dagkirurgisk Senter	4 300	4 692	3 581	4 707	15
Kirurgisk Avdeling	-5 920	-10 515	-1 807	-10 944	-429
Kvinneklubben	33 047	26 368	25 770	24 334	-2 034
Ortopedisk Avdeling	10 496	2 640	8 535	3 743	1 103
ØNH-Kjeve	-5 039	-5 641	-4 998	-5 565	76
Total	421 205	398 915	419 606	416 425	17 510

Basisinntekter

Kirurgisk klinikk får i 2019 tilført 4,454 millionar kroner i rammetilskot for å drive dagkirurgi på Eid og 8,579 millionar kroner for å drive redningsbasen i Florø. Budsjettet vil bli oppdatert med nye tal for 2020.

ISF-inntekter - egne pasientar

ISF-inntektene frå egne pasientar er basert på 12 722 poeng. Dette er ei auke på 125 poeng frå budsjett 2019.

Gjestepasientinntekter

I budsjett 2019 er det planlagt 336 DRG-poeng på gjestepasientar frå andre regionar, som er 31 poeng lågare enn budsjett 2019.

Polikliniske inntekter – utanom ISF

Poliklinikk som ikkje er finansiert av DRG-poeng er auka frå 4,5 i budsjett for 2019 til 5,3 millionar kroner i budsjett for 2020.

Utskrivingsklare pasientar

Kommunane tar stort sett imot utskrivingsklare pasientar innanfor fristen, så dette utgjør ein liten inntektspost for klinikken. I budsjettet blir inntekta justert ned frå 0,5 i 2019 til 0,3 millionar kroner i 2020. Dette utgjør rundt 60 liggedøgn.

Andre øymerka tilskot

I samsvar med prognosen er denne posten fjerna frå budsjettet i 2020.

Andre inntekter

Denne posten er auka frå 33,2 millionar kroner i budsjettet for 2019 til 36,4 millionar kroner i 2020.

Kjøp av offentlege og private helsetenester

I desse postane ligg mellom anna betaling for båtambulanse og overgrepsmottak. Postane utgjør samla 22,6 millionar kroner.

Varekostnader

Dette er medikament, medisinske forbruksvarer og protesar som til saman utgjør 53,8 millionar kroner.

Generelle lønnskostnader, tilskot og refusjonar

Det er nyttig å sjå innleige av arbeidskraft, løn til fast tilsette, overtid og ekstrahjelp, samt offentlege tilskot og refusjonar under eitt sidan desse postane heng saman. Før prisjustering blir desse postane auka med 1,0 millionar kroner samanlikna budsjett for 2019. Dette er 4,7 millionar lågare enn prognosen for 2019, og syner utfordringa vår på løn i 2020. Etter prisjustering blir postane samla auka med 19,0 millionar kroner.

Innleigd arbeidskraft: I 2019 har det vore fokus på å redusere innleige av arbeidskraft frå private firma, som generelt har ein vesentleg høgare timepris enn egne tilsette. Gjennom betre planlegging er målet å redusere denne posten ytterlegare, slik at budsjettet blir redusert frå 2,7 millionar kroner i 2019 til 0,9 millionar kroner i 2020. Reduksjonen har gått med til å auke budsjettet under fast løn.

Lønn til fast tilsette: Er auka med 35,1 millionar kroner i høve budsjettet for 2019.

Overtid og ekstrahjelp: Er redusert med 7,3 millionar kroner i høve budsjettet for 2019.

Offentlege tilskot og refusjonar vedrørande arbeidskraft: Er auka med 7,1 millionar i høve budsjett for 2019.

Pensjonskostnader

Pensjonskostnadane i tabellen ovanfor vil bli justert etter nye satsar for 2020.

Anna løn

Er auka til 73,5 millionar kroner i budsjettet for 2020.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnadar er i budsjett 2020 auka med om lag 1,7 millionar kroner i forhold til budsjett 2019.

Tiltak med økonomisk effekt i budsjettet, per avdeling:

Kirurgisk klinikk - Stab

Operasjonskoordinator vert flytta til staben for å kunne ha ei meir sentral rolle i klinikken. I planlegging av betre bruk av tilgjengelige ressursar i operasjonsavdelinga og ved dagkirurgi NSH innfører klinikken i 2020 OPLAN 365. Her blir planlegginga detaljert ned på enkeltdagar, i arbeidet vil ein justere operasjonsdagar mellom avdelingane for å heile tida sikre at ein nyttar kapasiteten. Dette vil gje fleire operasjonar med same ressursbruk. Ein planlegg å nytte fleire dagar ved NSH til ortopedisk dagkirurgi. Dette er frigjort ved å flytte merkantile oppgåver.

Ein vil tilsetje ytterlegare kodekontrollar og lyse ut vikariatet for tidligare tilsett kontrollar i 2020. Dette er eit initiativ frå økonomiavdelinga, og ein meiner det vil gi økonomisk vinst i tillegg til auka kvalitet i kodinga. Klinikken sin kodekontrollar har vore i permisjon det meste av 2019 og styrkinga vil kunne påverke alle avdelingar og seksjonar.

Tettare samarbeid mellom ressursplanleggar og økonomirådgjevar vil kunne identifisere vinstar i turnusplanlegginga.

Spesialisthelsetenester i heimen vil gjennom telefon og videokonsultasjonar spare pasientane og dermed pasientreiser for kostnader. 2020 vil gje inntekt på telefonkonsultasjonar. I kirurgisk klinikk har ein i 2019 iverksett dette ved fleire av avdelingane, desse konsultasjonane vil i 2020 gje takst og eigenandel. Dette får innverknad på fleire av avdelingane.

Kirurgisk Serviceseksjon:

Avdelinga har ingen konkrete tiltak med økonomisk effekt planlagt for 2019. Frigjorte ressursar vert nytta til oppgåvegliding i dei andre avdelingane. Målet er å frigjere tid til pasienthandsaming. Prosjektet Vel Møtt vil påverke arbeidsoppgåvene i 2019.

Avdeling for Akuttmedisin:

Avdelinga har fokus på å halde lønskostnader på eit minimum, men framleis på forsvarleg nivå. Det blir også arbeidd med å redusere deltidsstillingar, og auke opp stillingsdel hjå til dømes AMK og ambulansetenesta. Avdeling for Akuttmedisin har og auka fokus på å nytte riktig utstyr til rett tid.

Dagbil vil fortsatt parkerast einskildveker etter årsplan ved nokre ambulansestasjonar, som i 2019. Elles vil vedtak av prehospitalet plan og start av fase 3 med planlegging av innføring vil kunne gje utslag i resultatet for 2020. Stand-by-crew og delte stillingar mellom ambulanse og AMK er tiltak for redusere ekstrasjelp og overtid.

Dagkirurgisk senter vert i 2020 ein seksjon i AAM. Det er eit sterkt fokus på å hente ut effektar knytt til dagkirurgi. Framtida vil gje auke innan dagkirurgi, og det dagkirurgiske pasientforløpet har stort fokus inn i ny operasjonsavdeling. Det vert jobba med effektiv 2 stuedrift for å auke talet inngrep per operatør. Målet er å frigjere behandlarar og auke den polikliniske aktiviteten.

Kirurgisk Avdeling:

Avdelinga har fokus på å halde lønskostnader på eit minimum, men framleis på forsvarleg nivå. Tilsetning av beredskapssjukepleiarar som skal dekke opp korttidsfråvær er eit sparetiltak som og vil kunne påverke sjukefråværet og frigjere tid til leiaroppgåver. Det er eit auka fokus på å nytte riktig utstyr til rett tid, og på å redusere liggedøgn der det er forsvarleg. Kirurgisk avdeling vil auke innsatsen for å sikre kvaliteten på koding. Det føregår aktivt arbeid i rekruttering av både urolog og gastrokirurg.

Kvinneklubben:

Avdelinga har fokus på å halde lønskostnader på eit minimum, men framleis på forsvarleg nivå. Det er og eit auka fokus på å nytte riktig utstyr til rett tid. Kvinneklubben vil sikre kvaliteten av koding. Avdelinga får på slutten av 2019 og starten av 2020 attende 3 spesialister utdanna i eigne rekker.

Ortopedisk Avdeling:

Avdelinga har fokus på å halde lønskostnader på eit minimum. Det er og eit auka fokus på å nytte riktig utstyr til rett tid, og på å redusere liggedøgn der det er forsvarleg og mogleg. Tilsetning av beredskapssjukepleiarar som skal dekke korttidsfråvær er eit sparetiltak som og vil kunne påverke sjukefråvær og frigjere tid til leiaroppgåver. Ortopedisk Avdeling vil auke innsatsen for å sikre at koding vert enda betre. 2019 har vore nytta til faglig spesialisering i overlegegruppa, og ein har fått tilsett fleire faste overlegar. Innan områda fotkirurgi, protesekirurgi og skulder vil ein få auka faglig kapasitet.

Augeavdeling:

Avdelinga har fokus på betre bruk av personale både i høve oppgåvegledning og effektivisering. Augeavdeling vil auke innsatsen på kvaliteten av koding. Rekruttering av spesialistar har eit stort fokus. Aktiviteten er aukande med ei aldrande befolkning.

ØNH-Kjeveavdeling:

ØNH-Kjeveavdelinga har auka innsats på oppgåvegledning med ekstra sekretærressursar for å frigjere tid til pasientbehandling. Det er planlagt å auke audiograftilbodet ved NSH.

4 DRG / Aktivitet

Aktivitet		Oppnådd	Plan	Prognose	Plan	Endring
KIRURGISK KLINIKK		2018	2019	2019	2020	Plan 20-19
DRG-poeng døgn/dag/poliklinikk	A	11 992	12 597	11 989	12 722	125
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar)	B	331	367	384	336	-31
SUM DRG poeng produsert i HF	A+B	12 323	12 803	12 373	12 956	94
Tal Dagkirurgi / dagbehandling		4 659	4 805	4 653	5 035	230
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		8 590	8 830	8 206	8 676	-154
Tal polikliniske konsultasjonar		71 080	72 872	74 083	76 914	4 042

Generelt er planlagt aktivitetet for 2020 ei vidareføring av planane for 2019. Planane er justerte for trenden ein ser med overgang frå døgnopphald til dagbehandling og poliklinikk.

I 2019 nådde ein ikkje aktivitetmåla. Noko av dette skyldast tilfeldig årleg variasjon i behovet til befolkninga, medan anna skyldast organisatoriske og personalmessige årsaker i kirurgisk klinikk.

Rekruttering

Ein har i 2020 fast tilsette legar framfor vikarlegar på ortopedisk avdeling, i tillegg rekrutterer ein inn gastrokirurg ved kirurgisk avdeling. Ein urolog vert ferdig utdanna tidleg i 2020. Ein har innan ortopedi planlagt større grad av ambulering mellom sjukehusa. Ein aukar opp audiograf ved ØNH på Nordfjord sjukehus og vurderer auke i optikarstilling innan auge.

Oppgåvegliding.

Ein har aktivt jobba med å frigjere tid for klinikarar og leiarar med kliniske funksjonar. Dette gjer ein gjennom oppgåvegliding der ein nyttar sekretærressursar. Robotisering av kreftmeldingar innan urologiområdet vil og bli tatt i bruk i 2020.

OPR 365.

I operasjonsavdelinga og ved dagkirurgi NSH vil ein gjennom auka detaljplanlegging OPR365 få nytta tilgjengelig stovetid betre. Ein vil ta i bruk 2 stovedrift med ein operatør for dagkirurgi, dette vil frigjere tid til poliklinikk for behandlarane i fagområda. Ved NSH planlegg ein å auke tal dagar med dagkirurgi for ortopedisk avdeling gjennom frigjering av merkantile oppgåver.

Fagutvikling.

Innsatsen som har vore gjort innan fagutvikling og opplæring av nyutdanna overlegar innan ortopedi vil gi effekt knytt til behandlingstilbod og bidra til auke i pasientbehandlinga.

Spesialisthelsetjenester i heimen.

Kirurgisk klinikk har alt overført mange kontrollar til telefonkonsultasjonar. I 2020 vil ein vidare nytte telefon og videokonsultasjonar der det er faglig rett og mogleg.

Planlagt aktivitet per avdeling:

Dagkirurgi / dagbehandling	Oppnådd	Plan	Prognose	Plan	Endring
	2018	2019	2019	2020	Plan 20-19
Kirurgisk Avdeling	1 021	1 160	900	1 110	-50
Ortopedisk Avdeling	868	905	1 034	945	40
ØNH-Kjeve	424	485	602	605	120
Augeavdeling	1 581	1 475	1 230	1 525	50
Kvinneklubben	765	780	886	850	70
Avdeling for Akuttmedisin	-	-	-	-	-
Sum	4 659	4 805	4 653	5 035	230

Sjukehusopphold / heildøgnsopphald	Oppnådd	Plan	Prognose	Plan	Endring
	2018	2019	2019	2020	Plan 20-19
Kirurgisk Avdeling	2 147	2 145	2 049	2 145	-
Ortopedisk Avdeling	3 104	3 200	2 890	3 050	-150
ØNH-Kjeve	414	375	328	375	-
Augeavdeling	38	50	45	-	-50
Kvinneklubben	2 887	3 060	2 894	3 106	46
Avdeling for Akuttmedisin	-	-	-	-	-
Sum	8 590	8 830	8 206	8 676	-154

Polikliniske konsultasjonar	Oppnådd	Plan	Prognose	Budsjett	Endring
	2018	2019	2019	2020	Plan 20-19
Kirurgisk Avdeling	9 379	9 800	10 276	10 600	800
Ortopedisk Avdeling	20 212	20 730	22 369	23 270	2 540
ØNH-Kjeve	17 809	18 100	18 990	18 900	800
Augeavdeling	10 519	10 100	9 375	10 600	500
Kvinneklubben	8 987	9 892	8 843	9 344	-548
Avdeling for Akuttmedisin	4 174	4 250	4 229	4 200	-50
Sum	71 080	72 872	74 083	76 914	4 042


5 Bemanning

Netto månadsverk:

Netto månadsverk - snitt	Snitt 2018	Okt 2019 (A)	Budsjett 2020 (B)	Endring B-A	Merknad
(0780F) Augeavdeling	21,4	18,3	21,0	2,7	Permisjoner som ikkje har vært erstatta i heile 2019.
(0781F) Avdeling for akuttmedisin	365,5	381,5	381,0	-0,5	I 2019 er det tilsett 2 utdanningstillinger på operasjonsavdelinga og 5 utdanningstillinger på intensivavdelinga. Det er iverksett ny rullerande plan for legane som truleg slår inn i netto månadsverk.
(0789F) Dagkirurgisenteret	6,7	6,0	6,4	0,4	Permisjoner som ikkje har vært erstatta i heile 2019
(0820F) Kirurgisk avdeling	70,9	74,3	72,0	-2,3	Halde stilling ledig og redusere dyre timar. Ikkje ha utdanningsstilling for spesialsjukepleiar 2020.
(0825) Kirurgisk serviceseksjon Førde	26,1	26,2	24,5	-1,7	Ekstra sekretærstøtte til KK knytt til oppgåvegliding og overføring av sekretærer til medisinsk klinikk i Lærdal
(0840F) Kvinneklinikken	70,2	71,7	71,7	0,0	
(0883F) Ortopedisk avdeling	104,4	110,3	110,3	0,0	Har erstatta vikarlegar med fast tilsette i 2019 Sekretær til å frigjere kliniske ressursar. Beredskapssjukepleiar.
(0936F) ØNH - Kjeveavdeling	26,7	27,1	27,6	0,5	Auke audiografstilling ved NSH
(410100F) Klinikk kirurgi stab	2,6	2,4	3,4	1,0	Kodekontrollar auke
Sum Kirurgisk Klinikk	694,5	717,8	717,9	0,1	

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i 2019 har i snitt vore på 5,8 prosent.



6 Budsjettprosessen

Det har sidan juli vore møter med alle avdelingar. Kvar avdeling har utarbeidd budsjettframlegg.

Budsjettprosess 2020	
August/September	Arbeid med Prognose 2 - 2019 for alle leiarar i klinikken
September/Oktober	Arbeid med Budsjett 2019 for alle leiarar i klinikken
20.08.2019	Tildelt rammer for klinikken
26.08.2019	Diskutert rammer i avdelingssjefsmøte
29.08.2019	Gjennomgang med TV og VO på klinikknivå
02.09.2019	Fordelt rammer til avdelingane
12.09.2019	Levert Prognose 2 - Økonomiforum
30.09.2019	Gjennomgang med TV og VO på klinikknivå

Budsjett har vore tema i fleire møter med avdelingssjefar og i klinikkråd.